



Sunnmøre jordskifterett

Rettsbok

Sak: 1510-2002-0007 Brandal

Gnr. 40 i Hareid kommune

Oppstarta: 07.05.2003

Avslutta: 16.10.2008



RETTSBOK

for

SUNNMØRE JORDSKIFTERETT

Den 07. mai år 2003 vart Sunnmøre jordskifterett sett i Hareid rådhus, 6060 Hareid.

Saksstyrar: Jordskiftedommar Olav Torvik.
- **einedommar** etter jordskiftelova § 12.

Protokollfører: Saksstyraren.

Sak nr.: 07/2002, gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune.

Innkalla til møtet:

Partar.

1. Eigar av gnr. 40/11, 40/23 i Hareid, Dag og Margaret Hennum, 6062 Brandal.
2. Eigar av gnr. 40/25 i Hareid, Oleif Eiken, 6062 Brandal.
3. Eigar av gnr. 40/25 i Hareid, Liv Skarbakk, 6062 Brandal.
4. Eigar av gnr. 40/26 i Hareid, Nils Bakke Brandal, 6062 Brandal.
5. Eigar av gnr. 40/70 i Hareid, Hareid kommune v/ordføraren, 6060 Hareid.

Prosessfullmektig.

Adv. Johs. A. Aspehaug, P.O.Box 837 Sentrum, 6001 Ålesund. Representerer Dag og Margaret Hennum.

Saka gjeld.

Hareid kommune v/ordfører Gunn Berit Gjerde har den 14.05.2002 kravd grensegang/rettsutgreiing på gnr. 40, Brandal, for å fastsetje kven som eig eit areal mellom to elveløp ved tidlegare "Storelvens elektrisitetsverk".

Møtet er eit **saksførebuande møte** etter jordskiftelova § 12.

Til stades:

Dag Hennum møtte saman med prosessfullmektig adv. Johs A. Aspehaug. Dessutan møtte Oleif Eiken, Liv Skarbakk og Nils Bakke Brandal.

For Hareid kommune møtte utviklingsleiar Hallvard Sæverud med skriftleg fullmakt saman med avd. ing. ved tekn. etat, Jostein Hånes.

Ingen av partane hadde merknader til innkallinga.

Saksstyraren viste til hovudreglane i domstollova §§ 106 - 108. Ingen visste om forhold som kunne gjere saksstyraren inhabil.

Desse dokumenta vart framlagde under møtet:

Dokument nr. 1: Krav om grensegang og rettsutgreiing, datert 14.05.02, underteikna av ordføraren i Hareid.

Dokument nr. 2: Rekvirering av sak for jordskifteretten frå Hareid kommune, datert 14.05.02.

Dokument nr. 2, vedl. 1: Særutskrift av møteboka til Formannskapet, frå møte 02.05.02, vedk. eigedomstilhøva i området ved tidligere "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 2: Kopi av brev frå Hareid kommune til adv. Gjørtz Kittelsen Opshaug Aspehaug, datert 08.05.02, vedk. eigedomstilhøve i området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 3: Kopi av brev frå adv. Johs. A Aspehaug til Hareid kommune, datert 15.04.02, vedk. "eiendomsforholdene i området ved tidligere Storelvens Elektrisitetsverk i Brandal".

Dokument nr. 2, vedl. 4: Kopi av brev frå Hareid kommune til adv. Aspehaug, datert 21.03.02, vedk. eigedomstilhøva i området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 5: Kopi av brev frå adv. Aspehaug til Hareid kommune, datert 13.02.02, vedk. "eiendomsforholdene i området ved tidligere Storelvens Elektrisitetsverk i Brandal".

Dokument nr. 2, vedl. 6: Kopi av brev frå Hareid kommune til adv. Aspehaug, datert 30.01.02, vedk. eigedomstilhøva i området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 7: Kopi av brev frå adv. Aspehaug til Hareid kommune, datert 23.01.02, vedk. "eiendomsforholdene ved tidligere Storelvens Elektrisitetsverk i Brandal".

Dokument nr. 2, vedl. 8: Kopi av brev frå Hareid kommune til adv. Aspehaug, datert 02.01.02, vedk. eigedomstilhøva i området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 9: Kopi av brev frå adv. Aspehaug til Hareid kommune, datert 19.12.01, vedk. "eiendomsrett til området mellom Storelven og rørgaten".

Dokument nr. 2, vedl. 10: Kopi av brev frå Hareid kommune til Margaret og Dag Hennum, datert 12.02.01, vedk. leigetilhøve for området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 11: Kopi av brev frå Margaret og Dag Hennum, datert 16.01.01, vedk. "eiendomsforholdene i området ved tidligere Storelvens E-verk i Brandal".

Dokument nr. 2, vedl. 12: Kopi av brev frå Hareid kommune til Margaret og Dag Hennum, datert 05.01.01, vedk. eigedomstilhøva i området ved tidlegare "Storelvens Elektrisitetsverk" i Brandal.

Dokument nr. 2, vedl. 13: Kopi av brev frå Margaret og Dag Hennum til Hareid kommune, datert 06.12.00, vedk. "eiendomsforholdene omkring nedlagte Storelvens elektrisitetsverk i Brandal".

Dokument nr. 2, vedl. 14: Skylddeling datert 29.11.1919, over gnr. 40 bnr. 57, 58 og 59 i Hareid.

Dokument nr. 2, vedl. 15: Skylddeling datert 20.01.1920, over gnr. 40 bnr. 70 – 75 i Hareid.

Dokument nr. 2, vedl. 16: Kopi av jordskiftekart over "indmarken til gaarden Brandal", opptatt 1864.

Dokument nr. 2, vedl. 17: Kopi av jordskiftekart over Legene og Kalvegjerdet i Brandal, opptatt 1897.

Dokument nr. 2, vedl. 18: Kopi av kart frå 1964.

Dokument nr. 2, vedl. 19: Kopi av kart over Storelven Elektrisitetsverk i M=1:1000, datert 20.03.02.

Dokument nr. 2, vedl. 20: Kopi av oversiktskart over eigedomane ved Storelven El-verk., datert 11.02.1986.

Dokument nr. 2, vedl. 21: Kopi av oversiktskart over eigedomane ved Storelven El-verk.

Dokument nr. 3: Brev frå adv. Aspehaug, datert 30.05.02, vedk. prosessoppdrag – Dag og Margaret Hennum.

Dokument nr. 4: Melding til partane, datert 05.06.02, om grensegang og rettsutgreiing, m/postverkets kvitt. for rek. sending datert 06.06.02.

Dokument nr. 5: Brev frå adv. Aspehaug, datert 08.10.02, vedk. grensegangssaka.

Dokument nr. 5, vedl. 1: Kopi av skjøte, datert 06.12.1934, over Storelvens Elektrisitetsverk.

Dokument nr. 5, vedl. 2: Kopi av kart over Storelvens Elektrisitetsverk i M=1:1000, datert 20.03.02.

Dokument nr. 5, vedl. 3: Kopi av skjøte, datert 20.11.1925 over gnr.40 bnr. 11, 19, 20, 23, 25 og 26.

Dokument nr. 6: Brev frå Hareid kommune, datert 22.11.02, vedk. opplysningar og kommentarer til saka.

Dokument nr. 7: Innkalling av partar og pros.fullm., datert 18.03.03, til saksførebuande møte, m/ postverkets kvitt. for rek. sending datert 26.03.03.

Dokument nr. 8: Fullmakt, datert 05.05.02, frå Hareid kommune, v/ordføraren, til Hallvard Sæverud.

Dokumenta i saka vart gjennomgått i den grad det var trong for det.

Saksstyraren gjorde nærare greie for kva som var formålet med møtet.

Rekvirenten gjorde nærare greie for kravet. Dei andre partane fekk ordet. Partane hadde ordet for replikkar.

Rettsformannen ga fleire opplysningar om sak ved jordskifteretten, herunder kostnadane med slik sak og om vidare saksgang. Møtet med partane vart avslutta.

Det som kom fram på møtet kan oppsummerast slik:

Ved skylddelingsforretning den 29.11.1919 vart bnr. 57 frådelt bnr. 11 og 23, bnr. 58 frådelt bnr. 25 og bnr. 59 frådelt bnr. 20 under gnr. 40. Dei frådelt areala skulle nyttast til inntaksdam, røyrleidning og stasjonsområde m.v. for Storelven elektrisitetsverk i Brandal. Dei frådelt areala er nøye skildra med grenser, m.a. 2 holmar i elva (bnr. 57). Skylddelingane er tinglyst den 20.12.1919. Det er ikkje lagt fram skøyte for overdraging til elektrisitetsverket.

Den 20. nov. 1925 er det utferda skøyte frå eigarane av bnr. 11, 23, 19, 20, 25 og 26 til Storelvens elektrisitetsverk: "... *Selger og overdrager herved vore elverettigheter i Indreelven i Brandal (Storelven) til Storelvens Elektricitetsværk, - hvad angaar strekningen fra og med Olaf Sivertsens ovennævnte bruk til og med værkets stationshus paa Ole Eliassens eiendom gnr. 40 bnr. 23.*

Kjøpesummen Kr. 2000,- er mottatt kontant, og skal nævnte elverettighet derfor tilhøre Storelvens Elektricitetsverk. ... Dette gjeld strekninga frå inntaksdammen til nedanfor den gamle kraftstasjonen. Det er ikkje opplyst kva tid skøytet vart tinglyst.

Ved skylddeling 20.01.1926 vart bnr. 70 – 75 frådelt bnr. 11, 23, 19, 20, 25 og 26. Frådelingane gjeld både nordre og søre side av elva på strekninga frå inntaksdammen til nedanfor den gamle kraftstasjonen. Dei fråskilde delane er angitt med løpemeter langs elva. Skylddelingane er tinglyst den 06.02.1926.

Med skøyte dagsett 06.12.1934 er eigedomane bnr. 57 – 59 og 70 – 75 under gnr. 40 overført frå Storelvens elektrisitetsverk til Hareid kommune. Dei ulike bnr. er seinare samanføya under bnr. 70.

Hareid kommune meiner at bnr. 70 – 75 omfattar elvegrunnen og vassrettane i elva, herunder eit areal (holme) mellom to elveløp. Dei er også usikre på om skøytet frå 1925 gjeld bnr. 70 – 75 sidan det er utferda før skylddelingane. Det er ikkje lagt fram noko anna skøyte for overdraging av bnr. 70 – 75 til elektrisitetsverket.

Dag Hennum hevdar at frådelinga av bnr. 70 – 75 berre omfattar fallrettane i elva. Det meiner han går fram av skøytet frå 1925 som han hevdar gjeld bnr. 70 – 75. Dei andre grunneigarane er usikre på dette spørsmålet.

For å få klarlagt forholdet ved skylddelinga i 1926 må eigarane av bnr. 19 og 20 kallast inn som part i saka då dette også angår deira eigedomar. Dette spørsmålet må avklarast for å kunne fastsette grensene for kommunen sin eigedom.

Partane vert bedne om å framskaffe naudsynnte dokument i saka. Til neste møte må alle partar klargjere sine synspunkt og påstandar. Dersom det framleis viser seg å vere usemje om eksisterande rettssituasjon, vil jordskifteretten avgjere spørsmåla ved dom.

Grensegangen skal omfatte:

På søraustsida av elva gjeld det grensa mellom bnr. 70 og bnr. 25, 11 og 26 og på nordvestsida av elva gjeld det grensa mellom bnr. 70 og bnr. 23.

Kopi av rettsboka vert sendt alle aktuelle partar i vanleg brev. Kopi av dokumenta i saka vert også sendt til dei som ikkje tidlegare er oppført som partar.

Innkalling til neste møte vert sendt i vanleg brev med minst 2 vekers varsel. Nye partar får innkalling i rekommandert brev.

Rettsmøtet slutt.

Hareid den 07.05.2003.


Olav Torvik

Den 22. september 2004 vart Sunnmøre jordskifterett sett i Hareid rådhus, 6060 Hareid.

Rettsformann: Jordskiftedommar Olav Torvik.

Jordskifteddommarar: 1. Arne Rødvik, 6080 Gurskøy.
2. Bjørg Sæter, 6080 Gurskøy.

Protokollfører: Rettsformannen.

Sak nr.: 7/2002, gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune.

Innkalla til møtet.

Partar:

1. Eigar av gnr. 40/11, 40/23 i Hareid, Dag og Margaret Hennum, 6062 Brandal.
2. Eigar av gnr. 40/19 i Hareid, Bergljot Hareide, Prost Ankersgt. 36, 6065 Ulsteinvik.
3. Eigar av gnr. 40/19 i Hareid, Johan Skarbakk, 6060 Hareid.
4. Eigar av gnr. 40/20 i Hareid, Oddmund Angel Brandal, 6062 Brandal.
5. Eigar av gnr. 40/25 i Hareid, Oleif Eiken, 6062 Brandal.
6. Eigar av gnr. 40/25 i Hareid, Liv Skarbakk, 6062 Brandal.
7. Eigar av gnr. 40/26 i Hareid, Nils Bakke Brandal, 6062 Brandal.
8. Eigar av gnr. 40/70 i Hareid, Hareid kommune v/ ordføraren, 6060 Hareid.

Prosessfullmektig:

Adv. Johs. A. Aspehaug, P.O. Box 837 Sentrum, 6001 Ålesund. Representerer Dag og Margaret Hennum.

Hr. adv. Svein Tømmerdal, postboks 337, 6001 Ålesund. Representerer Hareid kommune.

Møtet gjeld.

Hareid kommune v/ordfører, har den 14.05.02 kravd grensegang/rettsutgreiing, på gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune.

Til stades:

Dag Hennum møtte saman med prosessfullmektig adv. Johs A. Aspehaug. Dessutan møtte Bergljot Hareide, Liv Skarbakk og Nils Bakke Brandal.

For Hareid kommune møtte ordførar Gunn Berit Gjerde, utviklingsleiar Hallvard Sæverud, avd. ing. Jostein Hånes og prosessfullmektig hr.adv. Svein Tømmerdal.

Ingen av partane hadde merknader til innkallinga.

Ingen hadde merknader til samansetjinga av retten.

Begge meddommarane har tidlegare gjort teneste som jordskifteddommar og avgitt forsikring.

Retten vart erklært for lovleg sett.

Desse dokumenta vart framlagde under møtet:

Dokument nr. 9: Prosesskriv frå hr.adv. Svein Tømmerdal, dagsett 30.05.2003.

Dokument nr. 10: Innkalling til rettsmøte, dagsett 06.05.2004. Møtet vart utsett.

Dokument nr. 11: Innkalling til rettsmøtet i dag, dagsett 30.08.2004.

Dokument nr. 12: Utkast til leigeavtale vedr. settefiskanlegg i Storelva på Brandal, dagsett 21.11.1979 og underteikna eigar av gnr. 40/11, Einar O. Brandal.

Dokument nr. 13: Disposisjon for møtet i dag frå h.r.adv. Svein Tømmerdal, dagsett 22.09.2004.

Dokument nr. 14: Leigeavtale mellom Hareid kommune og Brandal Klekkeri AS av 21.03.1986 for etablering av settefiskanlegg i Storelva.

Prosessfullmektig hr.adv. Svein Tømmerdal framstilte saka på vegne av Hareid kommune.

Prosessfullmektig adv. Johs A. Aspehaug framstilte saka på vegne av Dag og Margaret Hennum.

Dei andre partane fekk høve til å uttale seg.

Etter ein pause fekk partane ordet til sluttinnlegg og replikkar.

Hareid kommune la ned slik

påstand:

1. Krav datert 14.05.2002 om rettsutgreiing og grensegang fremmes i medhold av jordskiftelovens §§ 88 a og 88, jfr. § 14.
2. I tvisten mellom Hareid kommune, som eier av gnr. 40 bnr. 70 i Hareid, og Margaret og Dag Hennum, som eiere av gnr. 40 bnr. 11 og 23 i Hareid, kjennes Hareid kommune eiendomsberettiget til gnr. 40 bnr. 70 i Hareid, og eiendomsretten omfatter så vel elvegrunn som vannmasse på strekningen fra inntaksdammen i vest til et punkt som ligger 9 meter øst for kraftstasjonen.
Eiendomsretten omfatter også det areal som benyttes til inntaksdam, rørledning og stasjonsområde som er fradelt gjennom skylddelingsforretning av 29.11.1919, gnr. 40 bnr. 57, 58 og 59, samt areal mellom rørgate og elvebredde på nordsiden av elven, samt to holmer som ligger mellom elveløpene i elvefaret.
3. Grensene mellom
 - gnr. 40 bnr 70 og gnr. 40 bnr. 25, 11, 19, og 26 på sørsiden av Storelva samt
 - gnr. 40 bnr. 70 og gnr. 40 bnr. 20, 23 og 25 på nordsiden av elva
 fastsettes på grunnlag av den eiendomsrett som fastslås under pkt. 2 ovenfor.
4. Margaret og Dag Hennum tilpliktet å betale sakens omkostninger, herunder Hareid kommunes utgifter til juridisk bistand.

Margaret og Dag Hennum la ned slik

påstand:

1. Areal mellom rørgate tilhørende gnr. 40 bnr. 70 og Storelven på Brandal, inkludert elvegrunn og holmer i elven som lå på gnr. 40 bnr. 11 og bnr. 23 sin grunn i Hareid kommune, ble ikke fradelt disse bruk, verken ved skyldskifte i 1919 eller 1926.
2. Hareid kommune dømmes til å erstatte Dag og Margaret Hennum deres utgifter i forbindelse med saken.

Dei andre partane la ikkje ned påstander i saka.

Saksstyraren ga fleire opplysingar om sak ved jordskifteretten.

Møtet med partane vart avslutta.

Jordskifteretten var deretter på synfaring. Med på synfaringa var Margaret og Dag Hennum, Nils Bakke Brandal, Hallvard Sæverud og Jostein Hånes.

Etter synfaringa vart jordskifterett på nytt sett i Hareid rådhus. Partane var ikkje til stades.

Jordskifteretten drøfta det framsette kravet. Med vising til jordskiftelova § 14 gjorde retten samrøystes slikt

fremjingsvedtak:

Kravet gjeld rettsutgreiing for å avklare eigedomstilhøva vedrørande "elverettighetene" i Storelva, gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune og grensegang for fastsetting av grensene for elveløpet.

Hareid kommune har lagt ned slik

påstand:

1. **Krav datert 14.05.2002 om rettsutgreiing og grensegang fremmes i medhold av jordskiftelovens §§ 88 a og 88, jfr. § 14.**
2. **Grensene mellom**
 - gnr. 40 bnr 70 og gnr. 40 bnr. 25, 11, 19, og 26 på sørsiden av Storelva samt
 - gnr. 40 bnr. 70 og gnr. 40 bnr. 20, 23 og 25 på nordsiden av elva**fastsettes på grunnlag av den eiendomsrett som fastslås under pkt. 2 ovenfor.**

Ingen av dei andre partane har gått i mot at saka vert fremja.

Det er heller ikkje reist tvil om jordskifteretten sin kompetanse til å avgjere saka.

Jordskifteretten ser slik på saka:

Etter jordskiftelova § 88 a kan jordskifteretten i særskild sak klarlegge og fastsette eigedoms- og bruksrettstilhøve i hopehav og andre område der det er sambruk mellom eigedomar (rettsutgreiing).

Jordskifteretten finn at det i denne saka er både uklare grenser og tvist om kva rettar Hareid kommune har i vassdraget. Margaret og Dag Hennum hevdar å vere eigar av elvegrunnen og at kommunen eig vassfallet. Hareid kommune hevdar å vere eigar av vassdraget med grunn og vassrettar. Det ligg føre eit uklart rettstilhøve som det er naudsynt å få klarlagt av omsyn til ein rasjonell bruk av dei aktuelle rettane, jfr. jordskiftelova § 88 a. Grensene er uklare. Det er naudsynt å avklare rettsforholda før ein kan ta stilling til grensene. Saka vert fremja i samsvar med kravet.

Grensegangen skal omfatte:

På sørsida av elva gjeld det grensa mellom gnr. 40/70 og gnr. 40/25, 11, 19 og 26 og på nordsida av elva gjeld det grensa mellom gnr. 40/20, 23 og 25.

slutning:

Saka vert fremja som rettsutgreiing i medhald av § 88 a i jordskiftelova og som grensegang i medhald av § 88.


Her er tvist mellom eigar av gnr. 40/11 og 23, Margaret og Dag Hennum, og eigar av gnr. 40/70, Hareid kommune. Jordskifteretten vart samde om å møtast 24.09.04 for å drøfte grunnlaget for dom som må seiast.


Kostnaden med møtet i dag vert gjort opp på eit seinare møte.

Innkalling til nytt møte med partane vert sendt i vanleg brev med minst 2 vekers varsel.

Retten heva og saka utsett.

Hareid 22.09.2004.


Olav Torvik.


Arne Rødvik


Bjørg Sæter

Den 24. september 2004 vart Sunnmøre jordskifterett sett i lokala til Søre Sunnmøre landbrukskontor, 6080 Gurskøy.

Rettsformann: Jordskiftedommar Olav Torvik.

Jordskifteddommarar: 1. Arne Rødviik, 6080 Gurskøy.
2. Bjørg Sæter, 6080 Gurskøy.

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr.: 7/2002, gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune.
Utsett frå møte 22.09.2004.

Ingen av partane var til stades, og dei var heller ikkje innkalla til møtet.

Møtet gjeld.

Her er tvist mellom eigaren av gnr. 40 bnr. 11 og 23 og eigaren av gnr. 40 bnr. 70 om eigedomsretten til elvegrunnen i Storelva på strekninga frå inntaksdammen til Storelven kraftverk til eit punkt 9 meter nedanfor den gamle kraftstasjonen. Det er også tvist om eigedomsretten til eit areal mellom rørgata og elva på strekninga frå inntaksdammen til kraftstasjonen.

Retten drøfta grunnlaget for dom som må seiast. Saka vart utsett for protokollering.

Kostnaden med møtet i dag vert gjort opp på neste møte.

Retten heva og saka utsett.

Gurskøy 24.09.2004.

Olav Torvik
Olav Torvik.

Arne Rødviik
Arne Rødviik

Bjørg Sæter
Bjørg Sæter

Den 21. oktober 2004 vart Sunnmøre jordskifterett sett i lokala til Sunnmøre jordskifterett, 6150 Ørsta.

Rettsformann: Jordskiftedommar Olav Torvik.

Jordskiftedommamarar: 1. Arne Rødviik, 6080 Gurskøy.
2. Bjørg Sæter, 6080 Gurskøy.

Protokollførar: Rettsformannen.

Sak nr.: 7/2002, gnr. 40, Brandal, i Hareid kommune.
Utsett frå møte 24.09.2004.

Ingen av partane var til stades, og dei var heller ikkje innkalla til møtet.

Desse dokumenta vart framlagde:

Dokument nr. 15: Påstandskriv frå h.r.adv. Svein Tømmerdal, dagsett 23.09.2004.

Dokument nr. 16: Påstandskriv frå adv. Johs. A. Aspehaug, telefaks dagsett 28.09.2004.

Her er tvist om eigedomsrett som er naudsynt å avgjere før retten kan gjennomføre grensegang.

I medhald av jordskiftelova § 17 sa jordskifteretten slik samrøystes

DOM

Domen gjeld tvist mellom eigaren av gnr. 40 bnr. 11 og 23, Margaret og Dag Hennum, og eigaren av gnr. 40 bnr. 70, Hareid kommune, om eigedomsretten til elvegrunnen i Storelva på strekninga frå inntaksdammen til Storelven kraftverk til eit punkt 9 meter nedanfor den gamle kraftstasjonen. Det er også tvist om eigedomsretten til eit areal mellom rørgata og elva på strekninga frå inntaksdammen til kraftstasjonen.

Ved skylddelingsforretning den 29.11.1919 vart bnr. 57 frådelt bnr. 11 og 23, bnr. 58 frådelt bnr. 25 og bnr. 59 frådelt bnr. 20 under gnr. 40. Dei frådelt areala skulle nyttast til inntaksdam, rørleidning og stasjonsområde m.v. for Storelven elektrisitetsverk i Brandal. Dei frådelt areala er nøyse skildra med grenser, m.a. 2 holmar i elva (bnr. 57). Skylddelingane er tinglyst den 20.12.1919. Det er ikkje lagt fram skøyte for overdraging til elektrisitetsverket.

Den 20. nov. 1925 er det utferda skøyte frå eigarane av bnr. 11, 23, 19, 20, 25 og 26 til Storelvens elektrisitetsverk: "... Selger og overdrager herved vore elverettigheter i Indreelven i Brandal (Storelven) til Storelvens Elektricitetsværk, - hvad angaar strekningen fra og med Olaf Sivertsens ovennævnte bruk til og med værkets stationshus paa Ole Eliassens eiendom gnr. 40 bnr. 23.

Kjøpesummen Kr. 2000,- er mottatt kontant, og skal nævnte elverettighet derfor tilhøre Storelvens Elektricitetsverk. ... Dette gjeld strekninga frå inntaksdammen til nedanfor den gamle kraftstasjonen. Det er ikkje opplyst kva tid skøytet vart tinglyst.

Ved skylddeling 20.01.1926 vart bnr. 70 – 75 frådelt bnr. 11, 23, 19, 20, 25 og 26. Frådelingane gjeld både nordre og søre side av elva på strekninga frå inntaksdammen til nedanfor den gamle kraftstasjonen. Dei fråskilde delane er angitt med løpemeter langs elva. Skylddelingane er tinglyst den 06.02.1926.

Med skøyte dagsett 06.12.1934 er eigedomane bnr. 57 – 59 og 70 – 75 under gnr. 40 overført frå Storelvens elektrisitetsverk til Hareid kommune. Dei ulike bnr. er seinare samanføya under bnr. 70.

Ved leigeavtale av 21.03.1986 leigde kommunen ut sine eigedomar med tilliggande vassrettar i Storelva med unntak av elverksdammen med friareal til Brandal Klekkeri AS i 10 år. Avtalen er seinare forlenga med 10 nye år. Brandal Klekkeri AS er no under avvikling.

Hareid kommune har framhalde:

Twisten gjeld kven som eig elvebotnen og arealet mellom elvebredda og rørgata. Partane er samde om at kommunen eig retten til å utnytte vatnet. Den som eig elvebotnen eig også holmane. Elva er klart definert med to elveløp på deler av strekninga. Det er behov for å klarlegge grensene på begge sider av elva frå inntaksdammen og forbi kraftstasjonen.

Rettspraksis viser at elv og sjø fylgjer med ved sal av grunn. Dersom dette er halde utanfor krevst det sterke bevis. Det er ikkje noko som tilseier at det berre var retten til å utnytte vannmassene som vart selt. I so fall var det naturleg at dette var særskild nemnt. Når kommunen kjøpte grunn i 1919 frå bnr. 20, så står det i skylddelinga at "*Mot Sud er Djupålen i Storelven grense mellom Luten og bnr. 10.*". Når elvegrunnen var med i salet i 1919 meiner kommunen det er naturleg at grunnen fylgde med også i 1925. Skøyte frå 1925 viser at det er same bruka det vart kjøpt grunn frå i 1925 som i 1919. Det er derfor naturleg at når elvegrunnen var med i 1919 var den også med i 1925. Ved skylddelinga i 1926 frå bnr. 11 står det at den fråskilde del "utgjør 2 teiger av elven". Når ordet teigar er brukt, må det bety lutar til full eigedom, inklusiv elvebotnen. Det er ikkje naturleg å bruke ordet teigar om fallrettar. I skøyte frå 1925 står det "vore elverettigheter", og i skylddelinga står det står at grunneigarane "har solgt sin andel i Storelven". Dette er meir enn fallrett.

I skylddelinga står det også at den fråskilde del går til 9 meter fobi kraftstasjonen. Kvifor dette dersom det berre var fallretten som vart frådelt.

Ved overskøyting til kommunen i 1934 vart "samtlige eiendomme" overdregne. Dette gjeld bnr. 57 – 59 og 70 – 75. Det hadde vore naturleg med ei anna tekst dersom bnr. 70 – 75 berre gjeld fallrettar.

Kommunen viser også til at det kom ingen protestar når settefiskanlegget vart etablert ved leigeavtale av 21.03.1986. Konflikta oppstod først i desember 2000 etter at ny eigar hadde overtatt bnr. 11 og 23.

Om tidlegare eigar av bnr. 11 og 23 har slått graset på holmen, må det sjåast på som tålt bruk frå grunneigar.

Kommunen ser for seg seinare opprusting av kraftverket. Det er derfor viktig å få avklara rettsforholda og kvar grensene går for kommunen sin eigedom.

Kommunen viser til fylgjande rettspraksis: Rt. 1888/138, Rt 1928/835, Rt. 1932/367, Rt. 1971/596, Rt. 1979/1099 og Rt. 2000/1325.

Hareid kommune la ned slik

påstand:

- 1. I tvisten mellom Hareid kommune, som eier av gnr. 40 bnr. 70 i Hareid, og Margaret og Dag Hennum, som eiere av gnr. 40 bnr. 11 og 23 i Hareid, kjennes Hareid kommune eiendomsberettiget til gnr. 40 bnr. 70 i Hareid, og eiendomsretten omfatter så vel elvegrunn som vannmasse på strekningen fra inntaksdammen i vest til et punkt som ligger 9 meter øst for kraftstasjonen. Eiendomsretten omfatter også det areal som benyttes til inntaksdam, rørledning og stasjonsområde som er fradelt gjennom skylddelingsforretning av 29.11.1919, gnr. 40 bnr. 57, 58 og 59, samt areal mellom rørgate og elvebredde på nordsiden av elven, samt to holmer som ligger mellom elveløpene i elvefaret.**
- 2. Margaret og Dag Hennum tilpliktes å betale sakens omkostninger, herunder Hareid kommunes utgifter til juridisk bistand.**

Margaret og Dag Hennum har framhalde:

I brev frå Hareid kommune til adv. Aspehaug av 30.01.2002 står det i 3. avsnitt: ”*For ordens skuld finn vi grunn til å presisere at vi frå kommunen si side er samd i at det mellom rørgata og elva er eit stripeareal i privat eige, altså eit areal som kommunen ikkje eig*”. Dette viser at kommunen har erkjent at dette arealet framleis er privat eige. Hennum kan ikkje sjå at det ligg føre noko som tilseier at kommunen eig arealet mellom rørgata og elva.

Kraftverket kom i drift allereie i 1918. Verket var soleis i drift ved skylddelingane i 1919. Når kraftverket seinare skulle få heimel til naudsynt grunn og rettar er det naturleg å spørje seg kor mykje grunneigarane var villige til å gi frå seg? Det naturlege er at dei ikkje gav frå seg meir enn dei måtte. Kraftverket kom i stand på lokalt initiativ. Det vart først bygt og deretter vart grunnspørsmålet ordna. Då visste dei også kva kraftverket måtte ha hand om. I skylddelinga frå 1919 er dette nøyte skildra, og arealet er oppgitt i rutemeter, også når det gjeld rørgata. Dei nye parsellane fekk skyld frå 1 til 4 øre.

I skøyte frå 1925 så er det elverettigheter som er selt, dvs. fallrettar som skulle sikre straumproduksjonen. Skylddelingane i 1926 er ei oppfølging av skøyte frå 1925. I skylddelingane er det som er frådelt oppgitt i lengdemeter langs elva. Her står ingen ting om djupålen eller elvebreidda. Alt tilseier at det kun er snakk om fallrettar. Alle påviste grenser gjeld grenser mellom eigedomane langs elva. Alle frådeltte parsellar har fått 1 øre i skyld. Det var unaturleg at alle parsellane fekk lik skyld dersom elvegrunnen var med. Hennum erkjenner at elva hadde to klart definerte elveløp. Hennum sin rettsforgjengar var eigar av holmen. Grensa mellom eigedomane gjekk i det søre elveløpet. Om elvegrunnen vart seld var det eit vesentleg større areal som vart utparsellert frå bnr. 11 og 23 enn frå dei andre eigedomane. Dette burde vist att i skylda på parsellane. Hennum har fått opplyst at hans forgjengar slo graset på holmen. Dette tyder også på at han rekna seg som grunneigar.

Det er same bruka som var involverte i 1919 og 1925. I 1919 vart det erverva grunn, i 1925 bruksrettar. Hennum la også fram utkast til leigeavtale som tidlegare eigar av bnr. 11 og 23, Einar O. Brandal, hadde utarbeidd i samband med etablering av settefiskanlegget. Dette

tyder på at han rekna seg som grunneigar i elva. Når han fekk opplyst at kommunen eigde grunnen så gav han seg på det. Han ville ikkje lage nokon strid.

Margaret og Dag Hennum la ned slik

påstand:

1. **Areal mellom rørgate tilhørende gnr. 40 bnr. 70 og Storelven på Brandal, inkludert elvegrunn og holmer i elven som lå på gnr. 40 bnr. 11 og bnr. 23 sin grunn i Hareid kommune, ble ikke fradelte disse bruk, verken ved skyldskifte i 1919 eller 1926.**
2. **Hareid kommune dømmes til å erstatte Dag og Margaret Hennum deres utgifter i forbindelse med saken.**

Nils Bakke Brandal opplyste at beitemarka var på sørsida av elva. Spørsmålet om kven som eig grunnen i elva har ikkje vore noko tema tidlegare. Han reknar med at elvebotnen fylgde med ved salet i 1925. Elva må ha ein grunn å renne på. Han kjenner ikkje til at nokon slo graset på holmen i elva. Elva har alltid hatt to klart definerte elveløp. I samband med etablering av settefiskanlegget har det vore gjort tiltak i deler av det nordre elveløpet. Men ved øvre del av holmen er det inga endring i elveløpa.

Når det vart betalt kr. 2.000,- for "elverettighetne" i 1925, så var det ein "fin sum" på den tida etter hans vurdering. Nedgangstida etter første verdenskrig hadde byrja då. Han kjenner ikkje til at det var noko usemje ved etablering av settefiskanlegget. Dåverande eigar av bnr. 11 og 23 hadde stilt spørsmål om kva dei dreiv med i elva då anleggsarbeidet starta. Frå kommunen hadde dei svara at dei eigde området og han godtok det.

Liv Skarbakk opplyste at det nordre elveløpet tidlegare gjekk omlag 2 meter frå stasjonsbygninga. Dette vart endra ved etablering av settefiskanlegget. Det var til tider stor vassføring i begge elveløpa. Ho kan ikkje hugse at det var nokon bruk av holmen i elva tidlegare, men ho har alltid trudd at dei eigde arealet mellom elva og rørgata. Rørgata er delvis nedgravd så det var lett å gå over både for folk og dyr. Når det gjeld elvebotnen har ho ikkje noka klar oppfatning av eigedomsspørsmålet. Ho veit ikkje om at dette har vore omdiskutert. Dei eigde ikkje i holmen. Grensa mellom bnr. 23 og 25 gjekk i det søndre elveløpet. Dei hadde kvennhus i elva, men desse stod nedanfor stasjonsbygninga.

Bergljot Hareide opplyste at ho ikkje hadde vesentlege opplysningar i saka.

Jordskifteretten ser slik på saka:

Hovudregelen om grunneigars råderett i vassdrag finn vi i § 13 i vannressurslova:

"Vassdrag tilhører eieren av den grunn det dekker, hvis ikke annet følger av særlige rettsforhold. Når et vassdrag helt eller delvis ligger i sameie, gjelder regler i lov 18. juni 1965 nr. 6 om sameie for forholdet mellom sameierne.

Eierne på hver side av et vassdrag har lik rett til utnytting av vannkraften, om ikke annet følger av særskilt rettsgrunnlag".

Utgangspunktet er at grunneigaren har rett til alle former for råderett over vassdraget, med mindre råderetten er innskrenka med heimel i lov, avtale eller andre rettsstiftingar.

Vassdraget kan vere frådelt i si heilheit som eigen eigedom med elvebotn og elvebreddar. I slike tilfelle fylgjer det hovudregelen. Er det berre stifta rett til utnytting av vassdraget, er det tale om bruksrett (servitutt), for eksempel rett til utnytting av vassføring til kraftproduksjon.

Utbygger av kraftverk eller andre vassdragstiltak som utnyttar vassfall må ha råderett over fallet som grunneigar eller som eigar av bruksrett til fallet. I ein del tilfelle er sjølve vassdraget eller fallet frådelt og selt utan at grunnen fylgjer med. Det kan vere etablert total bruksrett til vatnet på den aktuelle strekninga, eller bruksrett som berre omfattar rett til å utnytte fallet. Det var tidlegare høve til å frådele fallrettar og andre rettar til vassdrag som eige matrikelnummer, seinare gards- og bruksnummer. Rettar som for eksempel vart nytta i eit kraftverk kunne med dette samlast som ei eining, også i tinglysingssamanheng.

Twistar om vassdragsforhold må løysast med utgangspunkt i stiftingsgrunnlaget.

Rettspraksis som Hareid kommune har vist til, viser at ved sal av fast eigedom som støyter til eit vassdrag, *"medfølger retten til elvegrunnen og vannstrekningen utenfor det faste land saa langt som eieindomsretten strekker sig i elven"*. Rt. 1932/367. Ei ordning som avvik frå det normale må ha støtte i ein klar avtale eller bygge på forutsetningar som var kjent for begge partar. I denne saka er det spørsmål om det er vassdraget eller om det berre er fallretten som er frådelt ved skylddeling. Den rettspraksis det er vist til er ikkje fullt ut opplysningsrik for vår sak, men etter retten si vurdering må det gå klart fram av stiftingsgrunnlaget dersom ein skal legge til grunn at elvebotnen ikkje fylgde med i salet.

Partane er samde om at ved skylddelingsforretning av 29.11.1919 (gnr. 40/57,58 og 59) er grunn og vassrettar frådelt til full eigedom, og at Hareid kommune er eigar av desse eigedomane i dag.

Dei sentrale dokument for å avgjere tvisten er skjøtet frå 1925 og skylddelingsforretninga frå 1926. Dokumenta er uklare og kan isolert sett tolkast på begge måtar slik partane har gjort greie for. Etter retten si vurdering er det skylddelingsforretninga av 20. januar 1926 som må tilleggast avgjerande vekt.

Slik retten ser det, hadde ikkje Storelven elektrisitetsverk særleg behov for å disponere sjølve elvegrunnen og elvebredden. Det var vassfallet kraftverket hadde behov for å disponere. Men det er heller ikkje lagt fram opplysningar om at grunneigarane hadde behov for å disponere elvegrunnen. På det aktuelle tidspunkt hadde ikkje elvegrunnen nokon særleg verdi. Retten kan ikkje sjå at grunneigarane skulle ha noko interesse av å halde elvegrunnen utanfor dei fråskilde parsellane.

Ved skylddelinga i 1926 er uttrykket *"Den fraskilte del som er nordre/søndre side av elven,"* brukt i 5 av 6 tilfelle. Ved frådelling frå bnr. 11 heiter det: *"Den fraskilte del som ligger på søndre side utgjør to teiger av elven, ..."*. Jordskifteretten vurderer det slik at når den fråskilde del er "nordre og søndre side av elven", så tyder dette på at det er heile vassdraget som er frådelt med grunn og vassrettar. At to teigar i elva er frådelt bnr. 11 må forståast på same måte. Om det berre var fallretten som vart frådelt, var det naturleg at dette var særskilt nemnt. Ved å samanhalde uttrykket "vore elverettigheter" i skjøtet frå 1925 med skylddelinga i 1926, meiner retten at dette må omfatte grunn og alle rettar til å utnytte vatnet i elva.

Ved skylddelinga i 1919 vart grunn og vassrettar i inntaksdammen frådelt og overført til kraftlaget. Det var same grunneigarane som var innvolverte ved skylddelinga i 1926 som i 1919. Det er naturleg at ein la til grunn same ordning i 1926 som i 1919. Om ikkje dette var gjort, burde det vore nemnt særskild i skylddelinga.

At frådelingane er skildra i løpemeter langs elva endrar ikkje på dette. Dersom frådelingane skulle skildrast i m², måtte grensa mellom eigedomane på kvar side av elva fastsettast etter djupålen. Dette kunne vere vanskeleg å fastsette eksakt. Når korkje djupålen eller elvebredden er nemnde, kan det ha sin bakgrunn i at partane har meint at elveløpet er klart definert. Hennum hevdar også at 1 øre i skyld på alle dei frådelte parsellane tyder på at det kun er fallretten som er frådelt sidan det var stor skilnad på arealet dersom grunnen var med. No var det slik at 1 øre var minste eining som var brukt ved skylddeling. Retten tolkar dette slik at skylddelingsmennene ikkje har funne at nokon av teigane hadde større verdi enn 1 øre sjølv om dei hadde ulik storleik. Kjøpesummen som var kr. 2.000,- er fastsett samla for alle grunneigarane. Det er ikkje opplyst noko om korleis dette skulle fordelast på grunneigarane. Det er naturleg å anta at det er antal løpemeter langs elva som er fordelingsnøkkelen. I so fall fekk eigar av bnr. 11 og 23 51,9 % av kjøpesummen. Som største grunneigar får han då også størst andel i kjøpesummen.

I 1934 vart eigedomane til Storelvens Elektrisitetsverk overført til Hareid kommune. I skøytet står det at ein *"overdrar herved samtlige eiendomme med ledningsnett, maskiner og tilbehør ... Eiendommene er gno. 40 bno. 57, 58 og 59 Storelvens Elektrisitetsverk og bno. 70, 71, 72, 73, 74 og 75 Storelven"*. Retten er samd med kommunen i at det var naturleg med ei presisering i skøytet dersom bnr. 70 – 75 berre omfattar fallrettar.

Retten legg også vekt på at det ikkje kom noko innvendingar frå grunneigarane ved etablering av settefiskanlegget. Hennum har vist til at tidlegare eigar av bnr. 11 og 23, Einar O. Brandal, ved å utarbeide framlegg til leigeavtale for settefiskanlegget har rekna seg som grunneigar i elva. Utkastet til avtale viser at han også rekna seg som eigar av kraftstasjonen og grunnen den står på. Retten har fått opplyst at han tok opp eigedomsspørsmålet med kommunen. Etter dette godtok han at det var kommunen som var grunneigar. Einar O. Brandal var ikkje grunneigar i 1926. Nils Bakke Brandal reknar også kommunen som grunneigar av elvebotnen, medan dei andre grunneigarane ikkje har noka klar oppfatning om spørsmålet. Dei kjenner ikkje til at dette har vore tema i bygda. Det er først i desember 2000 at ny eigar av bnr. 11 og 23 gjer krav på å vere grunneigar i elva.

Kommunen gjer også krav på å vere eigar av arealet mellom elva og rørgata på nordsida av elva. Retten kan ikkje sjå at det er noko i dei framlagde dokumenta som tilseier at kommunen er eigar av dette arealet. I brev frå Hareid kommune til adv. Aspehaug av 30.01.2002 har derimot kommunen erkjent at *"det mellom røyrkata og elva er eit stripeareal i privat eige, altså eit areal som kommunen ikkje eig"*.

Når det gjeld holmar i vassdrag er regelen slik at kvar eigedom eig dei holmane som ligg på den grunnen som tilhøyrrer eigedomen. Mellom eigedomar på kvar side av eit vassdrag er regelen i gjeldande rett at grensa går etter djupålen. Der denne regelen gjeld vil grensa gå langs det djupaste punktet på eine eller andre sida av holmen. I vassdrag der grensa i samsvar med eldre rett går midt i elva vil det derimot kunne skje at eigedomsgrensa kryssar ein holme.

I Storelva er partane samde om at grensa mellom eigedomane tidlegare gjekk etter djupålen. Dette var i det søre elveløpet. Heile holmen tilhørde soleis bnr. 11 og 23. På deler av strekninga er dessutan Hennum grunneigarar på både sider av elva.

Ein holme i elva må etter definisjonen i vannressurslova § 2 reknast som ein del av vassdraget når elva renn på begge sider. Retten legg difor til grunn at når Hennum sine rettsforgjengarar selde vassdraget til Storelvens elektrisitetsverk så fylgde også holmen i elva med. Dersom den skulle haldast utanfor overdraginga måtte det uttrykkeleg vere sagt i skylddelinga.

Etter jordskiftelova § 81, 1. ledd skal vederlag for kostnader til sakkunnig hjelp i tvistar avgjerast etter reglane i kap. 13 i tvistemålslova. Ingen av partane har heilt ut vunne fram med sine påstandar. Kommunen vann fram i hovudspørsmålet om grunnen i elva, medan Hennum fekk medhald for det som gjeld arealet mellom rørgata og elva. Sjølv om Hareid kommune fekk medhald i det mest vesentlege tvistepunktet, finn ikkje retten at det er grunnlag for å fråvike hovudregelen i tvistemålslova § 174. Kvar av partane må bere sine eigne kostnader til juridisk bistand. Retten meiner også at saka i utgangspunktet inneheldt så mykje tvil at det var *”fyldestgjørende grund for den tapende part til at la den komme for retten”*, tvistemålslova § 172, andre ledd.

Retten finn det føremålstenleg å sette domen til påanke straks i samsvar med jordskiftelova § 62, 2. ledd.

slutning:

1. Hareid kommune som eigar av gnr. 40 bnr. 70 har eigedomsretten til grunnen i Storelva i Brandal på strekninga frå inntaksdammen til eit punkt 9 meter aust for den gamle kraftstasjonen. Med elvegrunnen fylgjer også holmen mellom dei to elveløpa i Storelva.
2. Hareid kommune som eigar av gnr. 40 bnr. 70 eig alle vassrettar og har einerett til å utnytte vassfallet i Storelva på same strekning.
3. Eigedomsretten omfattar også det areal som er nytta til inntaksdam, rørleidning og stasjonsområde som er fradelt gjennom skylddelingsforretning av 29.11.1919, gnr. 40 bnr. 57, 58 og 59.
4. Grunneigarane på nordsida av elva er eigarar av det areal som ligg mellom rørgata og Storelva.
5. Kvar av partane må bere sine eigne kostnader til juridisk bistand.
6. Domen vert sett til påanke straks.

VIDARE SAKSGANG

Saka vert utsett til domen er rettskraftig. Jordskifteretten vil deretter gjennomføre grensegangen.

KUNNGJERING AV DOMEN

Domen vert forkynt for partane sine prosessfullmektigar. Hareid kommune og Margaret og Dag Hennum får kopi av rettsboka i vanleg brev. Dei partane som ikkje har prosessfullmektig får domen forkynt ved at dei får tilsendt kopi av rettsboka i rekommandert sending.

Ankefristen er ein - 1 - månad frå kunngjeringsdato som går fram av vedlagt kunngjerings-skjema.


Om reglane for anke og kjæremål viser ein til kap. 7 i jordskiftelova.

JORDSKIFTESKOSTNADEN

Kostnadene med møtet i dag, møtet 22.09.04 og møtet 24.09.2004 er etter særskilt rekneskap i alt **kr. 6.060,-**, og må forskotterast av **Hareid kommune med kr. 3.030,-** og **Margaret og Dag Hennum med kr. 3.030,-**. Betalingsfrist går fram av giroinnbetalingskort vedlagt kopi av rettsboka for dette møtet.

Retten heva og saka utsett.

Ørsta 21.10.2004.


Olav Torvik.


Arne Rødviik


Bjørge Sæter